



STORTINGET

Innst. 201 L

(2022–2023)

Innstilling til Stortinget
fra næringskomiteen

Prop. 32 L (2022–2023)

Innstilling fra næringskomiteen om Endringer i havressurslova m.m. (administrativ inndraging og tilgang til opplysninger i Folkeregisteret)

Til Stortinget

Sammendrag

Nærings- og fiskeridepartementet legg i denne lovproposisjonen fram forslag til endringer i lov 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova), lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakarlova) og lov 28. juni 1957 nr. 12 om pensjonstrygd for fiskere (fiskarpensjonslova).

Endringane gjeld administrativ inndraging etter havressurslova § 54 og tilgang på opplysningar frå Folkeregisteret. Sistnemnde er ei teknisk oppfølging av folkeregisterlova, lov 9. desember 2016 nr. 88 om folkeregistrering. I tillegg gjeld endringa ei oppheving av fiskarpensjonslova § 4 fjerde ledd.

Dei foreslåtte endringane som gjeld administrativ inndraging, inneber at det vert teke inn ein heimel i havressurslova § 54 for departementet til å fastsetje i forskrift nærmare føresegnar om lovbrøt som fører til administrativ inndraging av fangst etter § 54 første ledd punktum. Lovforslaget opnar for at departementet kan tydeleggjere i forskrift kva lovbrøt som fører til administrativ inndraging etter havressurslova § 54 første ledd første punktum. I tillegg opnar lovforslaget for at departementet kan fastsetje i forskrift at enkelte lovbrøt

som i dag fører til administrativ inndraging etter § 54 første ledd første punktum, ikkje lenger skal gjere det.

Lovforslaget som gjeld havressurslova § 54, har to hovudformål. For det første skal det gjera situasjonen meir føreseieleg for aktørane, ved at ein i forskrift kan tydeleggjere kva for lovbrøt som medfører administrativ inndraging. For det andre vil lovforslaget gje forvaltninga større fleksibilitet i val av reaksjonsform, ved at det blir mogleg å fastsetje nærmare føresegnar i forskrift om når ein skal la vere å bruke administrativ inndraging i sakstypar der slik inndraging framstår som unødvendig tyngande.

I tillegg vert havressurslova og deltakarlova foreslått endra slik at Fiskeridirektoratet får heimel i lov til framleis å kunne hente opplysningar frå Folkeregisteret utan hinder av teieplikt når det er naudsynt for utøving av oppgåver etter lovene, jf. folkeregisterlova 2016 § 10-2. Dei foreslåtte lovendringane inneber ei vidareføring av rettstilstanden etter lov 16. januar 1970 nr. 1 om folkeregistrering.

Fiskeri- og havministeren har i brev 9. februar 2023 til Stortingets presidentskap oversendt tilleggsinformasjon om bakgrunnen for den delen av lovforslaget som gjeld endringar i fiskarpensjonslova § 4 fjerde ledd, ut over det som står i proposisjonen. Forslag om endringar i fiskarpensjonslova § 4 fjerde ledd går verken fram av proposisjonens kap. 7 Merknadar til dei enkelte føresegnene, eller sjølv lovforslaget på side 14 i proposisjonen. Statsrådens brev er lagd ved innstillinga. Ein viser til komiteens merknadar og forslag om å oppheve fiskarpensjonslova § 4 fjerde ledd nedanfor, og til sjølv lovforslaget i denne innstillinga.

Gjeldande rett er omtala i kapittel 3 i proposisjonen.

Behovet for lovendring

Bakgrunnen for at departementet fremmar lovfor-slag om endring av havressurslova § 54 er at departe-mentet har sett at det er behov for å tydeleggjere kva lovbro-t som fell innunder havressurslova § 54 og kva lovbro-t som ikkje gjer det. I tillegg har departementet sett at enkelte typar lovbro-t som i dag vert omfatta av havressurslova § 54, kan leie til inndraging som i enkelte tilfelle kan framstå som unødvendig tyngande.

Departementet har særleg sett behov for å sjå nær-mare på om det bør gjerast unntak frå administrativ inndraging for enkelte føresegner som har preg av å vere formalbrot. Det kan i enkelte tilfelle framstå som unød-vendig tyngande at fangstverdien vert inndregen der-som lovbro-tet er knytt til enkelte slike føresegner.

Departementet vurderer det difor som formålsten-leg å ta inn ei endring i havressurslova § 54 andre ledd som gjev heimel til å fastsetje nærmare føresegner i for-skrift om kva lovbro-t som fører til administrativ inndra-ging, og kva lovbro-t som er unnatekne frå administrativ inndraging.

Bakgrunnen for lovforslaget om tilgang på opplys-ningar frå Folkeregisteret er at folkeregisterlova 2016 § 10-2 stiller krav om at heimel for utlevering av opplys-ningar frå Folkeregisteret som er omfatta av teieplikt, må følgje av regelverket som gjeld for dei ulike saksom-råda. Skal Fiskeridirektoratet framleis ha tilgang til opp-lysningane, må heimelen såleis stå i dei enkelte lovene.

Administrative og økonomiske konsekvensar

Lovforslaget som gjeld havressurslova § 54, vil med-verke til meir føreseielege tilhøve for aktørane, ved at departementet i forskrift kan avklare kva for lovbro-t som medfører og ikkje medfører administrativ inndra-ging av fangst.

Ved at det vert opna for unntak frå kva føresegner som skal vere omfatta av havressurslova § 54 første ledd, vil næringa få nokre færre inndragingssaker mot seg sa-manlikna med dagens rettstilstand, og ein vil i større grad kunne unngå inndraging av fangst ved formalfeil når dette framstår som unødvendig tyngande.

Forslaget legg vidare til rette for mindre ressursbruk i fiskeriforvaltninga og hjå næringsaktørane, ved at det i framtida kan bli nokre færre inndragingssaker saman-likna med i dag. Innsparinga vil likevel vere avgrensa i og med at ein ønskjer å vidareføre inndraging som reak-sjon ved dei aller fleste lovbro-t.

Endringane som gjeld tilgang på opplysningar frå Folkeregisteret, fører vidare rettstilstanden etter folke-registerlova 1970. Det vert lagt til grunn at Fiskeridirek-toratet kan nytte etablerte grensesnitt for deling av opp-lysningar mellom Skatteetaten og Fiskeridirektoratet.

Forslaget vil difor ikkje ha økonomiske eller administra-tive konsekvensar.

Endringa som gjeld oppheving av fiskarpensjonslo-va § 4 fjerde ledd, inneber ingen administrative og øko-nomiske kostnader, då innhaldet i føresegna ikkje len-ger er aktuelt i praksis.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeider-partiet, Karianne B. Bråthen, Per Vidar Kjølmoen, Tobias Hangaard Linge og Solveig Vitanza, fra Høyre, Guro Angell Gimse, Olve Grotle og Lene Westgaard-Halle, fra Senterpartiet, Jenny Klinge, lederen Willfred Nordlund og Per Olav Tyldum, fra Fremskrittspartiet, Sivert Bjørnstad og Bengt Rune Strifeldt, fra Sosi-alistisk Venstreparti, Torgeir Knag Fylkesnes, fra Rødt, Geir Jørgensen, fra Venstre, Alfred Jens Bjørlo, og fra Miljøpartiet De Grønne, Rasmus Hansson, viser til Prop. 32 L (2022–2023) Endringer i havres-surslova m.m. (administrativ inndraging og tilgang til opplysningar i Folkeregisteret). Komiteen viser til at det i proposisjonen fremmes forslag om endring i havressurslova § 54 om administrativ inndragning av ulovlig fangst. Komiteen merker seg at forslaget fremmes for å gi departementet hjemmel til i forskrift å fastsette nærmere bestemmelser om hvilke lovbrudd som fører til administrativ inndragning, og hvilke som ikkje fører til slik inndragning, og hvilke lovbrudd som i fremtiden ikkje lenger skal føre til administrativ inndragning etter havressurslova § 54.

Komiteen er kjent med at administrativ inndrag-ning er en sentral administrativ reaksjon i fiskeriforvalt-ningen som innebærer at fangst, eller verdien av fangst som er høstet eller levert i strid med fastsatte bestem-melser i havressurslova eller deltakerloven, blir inn-dratt. Komiteen merker seg at bestemmelsen om ad-ministrativ inndragning inngår i et reaksjons- og sank-sjonssystem som blir håndhevet av fiskeriforvaltningen, og som omfatter blant annet tvangsmulkt, lovbruddsge-byr og straffeprosessuell inndragning.

Komiteen merker seg videre at den foreslåtte endringen i havressurslova § 54 vil innebære at nærin-gen kan få færre inndragingssaker mot seg sammenlig-net med dagens rettstilstand. Grunnen til dette er blant annet at man i større grad vil kunne unngå inndragning av fangst på grunn av formalfeil når dette framstår som unødvendig tyngende. Komiteen merker seg også at alle høringsinstansene som har gitt hørings-svar, i all ho-vedsak stiller seg bak forslaget om endring av havres-surslova § 54 andre ledd.

Komiteen viser til at det i tillegg fremmes forslag til endringer i havressurslova og deltakerloven for å sikre Fiskeridirektoratet hjemmel til fortsatt å kunne ha tilgang til opplysninger i Folkeregisteret som er omfattet av taushetsplikt, jf. folkeregisterloven § 10-2, noe som er nødvendig for at direktoratet skal kunne utøve oppgaver i henhold til lovverket. Komiteen merker seg at disse forslagene er tekniske endringer som vil være en tilpasning i samsvar med den nye folkeregisterloven 2016, og at disse forslagene derfor ikke har vært på allminnelig høring.

Komiteen viser også til forslaget om oppheving av fiskerpensjonsloven § 4 fjerde ledd, siden denne bestemmelsen ikke lenger er aktuell. Komiteen viser i denne forbindelse til at dagens bestemmelse innebærer at departementet kan fastsette at kommunale organ, i kommuner uten fiskeriveiledertjeneste, skal føre registeret omtalt i § 4 første ledd. I dag er det Fiskeridirektoratet som fører dette registeret, og ordningen med fiskeriveileder finnes ikke lenger. Denne bestemmelsen bør derfor oppheves. Komiteen viser til statsrådens brev av 9. februar 2023 til Stortingets presidentskap. Brevet er vedlagt innstillingen.

Komiteen fremmer følgende forslag:

«I lov 28. juni 1957 nr. 12 om pensjonstrygd for fiskere (fiskerpensjonsloven) gjøres følgende endring:

§ 4 fjerde ledd oppheves.»

Fleirtallet i komiteen, medlemene fra Arbeidarpartiet, Høgre, Senterpartiet, Framstegspartiet, Sosialistisk Venstreparti, Raudt og Venstre, har merka seg at det i høyringssvaret frå Norges Fiskarlag blir gjort gjeldande at det knyter seg uavklarte rettsspørsmål til bruken av havressurslova § 54, og at det blir reist spørsmål ved om praksisen og bruken av føresegna er formålstenleg.

Eit anna fleirtal, medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Senterpartiet, Framstegspartiet, Raudt og Venstre, viser til at lovframlegget er ei oppfølging av regjeringa Solberg sitt initiativ, og at det i hovudsak har fått brei støtte i høyringsrunda. Dette fleirtalet meiner at det er bra at departementet nå blir gitt heimel til å fastsette nærmare reglar i forskrift om kva lovbrøt som skal kunne føre til administrativ inndraging.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti er på generelt grunnlag skeptisk til å gi regjeringen fullmakter til å fastsette forskrifter. Dette medlem mener praksisen bør være at bestemmelsene heller fremmes som lovforslag for Stortinget.

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rå Stortinget til å gjøre følgende

vedtak til lov

om endringer i havressurslova m.m. (administrativ inndraging og tilgang til opplysninger i Folkeregisteret)

I

I lov 28. juni 1957 nr. 12 om pensjonstrygd for fiskere (fiskerpensjonsloven) gjøres følgende endring:

§ 4 fjerde ledd oppheves.

II

I lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakerloven) skal ny § 30 a lyde:

§ 30 a *Tilgang til opplysninger i Folkeregisteret*

Fiskeridirektoratet skal, uten hinder av taushetsplikt, ha tilgang til opplysninger i Folkeregisteret som er nødvendige for utførelsen av oppgaver etter denne loven. Direktoratet skal også ha tilgang til opplysninger i Folkeregisteret til utredning og produksjon av statistikk.

III

I lov 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressurser (havressurslova) vert det gjort følgjande endringar:

§ 49 tredje ledd skal lyde:

Fiskeridirektoratet skal, utan hinder av teieplikt, ha tilgang til opplysningar i Folkeregisteret som er naudsynte for utøving av oppgåver etter denne lova. Direktoratet skal også ha tilgang til opplysningar i Folkeregisteret til utgreiing og produksjon av statistikk.

Noverande § 49 tredje ledd blir nytt fjerde ledd.

§ 54 andre ledd skal lyde:

Departementet kan gje forskrift om

- handsaminga av saker etter første ledd*
- kva for føresegner som er omfatta av første ledd*
- korleis verdien av fangst etter første ledd skal fastsettast*
- om det kan gjevast vederlag for kostnader ved ilandføring av fangst etter første ledd*
- kva salslaga kan bruke midlar som nemnt i første ledd til*
- at brot på enkelte føresegner etter første ledd likevel ikkje skal medføre inndraging av fangst.*

IV

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset. Kongen kan fastsetje at dei enkelte føresegnene skal ta til å gjelde til ulik tid.

Oslo, i næringskomiteen, den 21. februar 2023

Willfred Nordlund

leder

Per Vidar Kjølmoen

ordfører



Fiskeri- og havministeren

Stortingets presidentskap
Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref
23/833-1

Dato
09. februar 2023

Endring av Prop. 32 L (2022-2023) Endringer i havressurslova m.m. (administrativ inndraging og tilgang til opplysninger i Folkeregisteret)

Departementet viser til Prop. 32 L (2022-2023) Endringer i havressurslova m.m. (administrativ inndraging og tilgang til opplysninger i Folkeregisteret), som er til behandling i næringskomiteen. Departementet oversender rettebrev for å rette en mindre feil i lovproposisjonen vedrørende forslaget om å oppheve fiskerpensjonsloven § 4 fjerde ledd.

Det følger av hovedinnholdet i lovproposisjonen og av de generelle merknadene at fiskerpensjonsloven § 4 fjerde ledd foreslås opphevet, med den begrunnelse at innholdet ikke lenger er aktuelt fordi ordningen som bestemmelsen henviser til ikke finnes lenger. Feilen går ut på at forslaget om å oppheve fiskerpensjonsloven § 4 fjerde ledd ikke er omtalt i spesialmerknadene og i forslaget til lovvedtak.

For å rette feilen ber departementet om at følgende tas inn under pkt. 7 *Merknadar til dei enkelte føresegnene* (spesialmerknadene) på s. 12:

«Fiskarpensjonslova

Til § 4 fjerde ledd

Føreseгна i § 4 fjerde ledd blir oppheva, sidan innhaldet i føreseгна ikkje lenger er aktuelt. Føreseгна handlar om fiskerirettleiarteneste, som er ei ordning som ikkje finst lenger.»


Departementet ber vidare om at følgende tas inn i lovforslaget på s. 14:

«I lov 28. juni 1957 nr. 12 om pensjonstrygd for fiskere vert det gjort følgjande endring:

§ 4 fjerde ledd vert oppheva.»

Siden rekkefølgen skal være slik at lovforslagene i den eldste loven nevnes først, må nødvendigvis lovforslaget om endringer i fiskerpensjonsloven nevnes før lovforslagene om endringer i deltakerloven og i havressursloven.

Med hilsen



Bjørnar Selnes Skjæran

